




Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Rapport

Årsrapport 2020

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Kolofon

Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Kontaktpersonar

Nasjonalparkforvaltarar Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Publikasjonsnummer

År

Sidetall

Opplag

2020

29

Utgiver

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Forfatter(e)

Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Tittel

Årsrapport 2020 - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Samandrag

Årsrapporten gjev ein oversikt over arbeidet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og aktiviteten i sekretariatet i 2020.

Forsidefoto

1. Hjelledalen, juli 2020 – Fjellvåk på Sognefjellet – Skrubbær

Innhold

| | |
|--|-----------|
| 1 Verneområda – status | 7 |
| 1.1 Sentrale dokument | 7 |
| 2 Aktører i verneområda | 8 |
| 2.1 Nasjonalparkstyret..... | 8 |
| 2.2 Nasjonalparkforvaltarar | 8 |
| 2.3 Naturoppsynet..... | 9 |
| 2.4 Andre sentrale myndigheiter..... | 9 |
| 2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar | 9 |
| 3 Arbeid i Nasjonalparkstyret 2020 | 12 |
| 3.1 Møteverksemd..... | 12 |
| 3.1 Økonomi..... | 13 |
| 3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging | 14 |
| 3.4 Andre utval | 14 |
| 4 Aktivitet | 15 |
| 4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar | 15 |
| 4.2 Skjøtsel og vedlikehald..... | 19 |
| 4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen: | 19 |
| 4.2.2 Jotunheimen Aust: | 19 |
| 4.3 Arrangement i verneområda | 20 |
| 4.4 Randsonearrangement..... | 20 |
| 4.5 Vidare arbeid | 20 |
| 4.5.1 Revisjon av forvaltningsplanen: | 20 |
| 4.5.2 Besøksstrategi:..... | 21 |
| 4.5.3 Kartleggingsarbeid:..... | 21 |
| 4.5.4 Implementering av merkevaren <i>Norges Nasjonalparker</i> | 21 |
| 4.5.5 Verdiskaping..... | 22 |
| 5 Vedlegg – artikkel publisert på nettsida | 23 |
| Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde feirar 40 år! | 23 |



Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, etter at det vart opna for lokal forvaltning av dei store verneområda. Miljødirektoratet oppnemnde styret for 2020-23 ved brev 03.03.2020, og styret konstituerte seg i møte 18. mars 2020.

Jotunheimen har to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster.

Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for den daglege drifta.

Årsrapporten gjev ei samla framstilling av arbeidet i nasjonalparkstyret og i sekretariatet, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Godt med snø over Keisarpasset i førsten av juli 2020

1 Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltningssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Reviderte forskrifter vart godkjente 14.11.14. Revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter starta opp i 2015, men var sett på vent i 2018, som følgje av langvarig vakanse i den eine forvaltarstillinga.

1.1 Sentrale dokument

Naturmangfaldlova vart sett i kraft 01. juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og dei generelle unntaksheimlane i verneforskriftene er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde revidert 14.11.14. Endring om bruk av el-sykkel på Glitterheimvegen og Koldedalsvegen – 27.11.20.

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Revisjon av planen starta i 2004, parallelt med revisjon av verneforskriftene. Godkjenning av forvaltningsplan måtte vente til nye forskrifter var vedtekne, men utkast av 2008 har vore brukt som eit rettleiande dokument for forvaltninga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen (1998) og Gjendebu-området (2004). I 2010 vart det gjort ny vurdering av skjøtselsbehovet for både eksisterande skjøtselslokalitetar og nye lokalitetar for heile Utladalen. Utkast til skjøtselsplan for Utladalen vart utarbeidd av Tanaquil Enzensberger i 2013. Arbeidet med gjennomgang og formell godkjenning av denne starta i 2020, og er planlagt fullført i 2021 i tråd med gjeldande krav. I 2011 gjorde Miljøfaglig Utredning ei fagleg evaluering av utviklinga i Gjendebu-området, og vidare skjøtsel har fylgd tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Denne skal bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til auka verdiskaping, og samstundes ta vare på verneverdiane. Besøksstrategien blir nå innarbeidd som del av forvaltningsplanen i revisjonsarbeidet. Arbeidet med revisjonen har dessverre stoppa opp som følgje av unødig langvarig vakanse i stillinga på vestsida. Revisjonsarbeidet starta opp att i 2020, med to forvaltarar på plass, og forventast fullført i 2022.

2 Aktører i verneområda

2.1 Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følger kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Styret for perioden 2020-23:

| Rolle | Ordinært medlem | Varamedlem | Representerar |
|--------------------|---------------------|----------------------|-------------------------|
| leiar | Leif Solemsli | Kristin Bakke Lajord | Vang kommune |
| nestleiar | Marit Sletten | Rolv Enersvold | Lom kommune |
| styremedlem | Hilmar Høl | Anne Kauppi | Årdal kommune |
| styremedlem | Ivar Kvalen | Marit Aakre Tennø | Luster kommune |
| styremedlem | Harald Sve Bjørndal | Live Langøygard | Vågå kommune |
| styremedlem | Trude Brosvik | Aleksander Øren Heen | Vestland fylkeskommune |
| styremedlem | Kjersti Bjørnstad | Svein Håvar Korshavn | Innlandet fylkeskommune |

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Statsforvalteren i Innlandet og postadressa er:
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, Postboks 987, 2604 Lillehammer
mail: sfinpost@statsforvalteren.no

2.2 Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, som skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda. Nasjonalparkforvaltarane er administrativt tilsett hos Fylkesmannen (frå 01.01.21: Statsforvaltaren) i Innlandet og Vestland, men er underlagt Nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeid for styret, men kan i samråd med leiar av nasjonalparkstyret nytte forvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og ledig kapasitet.

- Kari Sveen er nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Norsk Fjellsenter i Lom.
- Eldrid Nedrelo vart tilsett som ny forvaltar med kontorstad i Gaupne ved årsskiftet 2018/19, men gjekk rett ut i permisjon. Johannes P. Skahjem vart tilsett som vikar for Nedrelo i 80 % stilling frå 14.10.2019, og fungerte som forvaltar på vestsida fram til Nedrelo kom inn att etter permisjon 01.04.2020.

Etter eit år med halv bemanning i 2019, var det godt å få på plass normal bemanning i 2020. Arbeid med publikumsretta nettside vart prioritert, for å følgje opp Miljødirektoratet si sentrale tilrettelegging. Elles vart året prega av coronarestriksjonar og hovudsakleg digital møteverksemd for å hindre smittespreiing.

- Tap av eit heilt årsverk i sekretariatet som følgje av at stillinga på vestsida har stått vakant frå oktober 2018 til oktober 2019 har gått ut over forvaltningsplanarbeidet, som berre måtte leggjast på is. Nasjonalparkstyret sende hausten 2019 skriv til Miljødirektoratet og påpeikte at ressursane løyvd til nasjonalparksekretariat må nyttast som føreset. Det delte arbeidsgjevaransvaret mellom to statsforvaltarembete byr på særlege utfordringar når det oppstår langvarig vakanse, da lønnsressursane som kunne vore nytta til å avhjelpe arbeidspresstet ligg i ein annan organisasjon enn den som har ansvar for at den attverande forvaltaren har arbeidstid og ferieavvikling i samsvar med arbeidsmiljølova. Styret fekk ikkje noko svar på skrivet om tap av personalressursar.
- Kari Sveen har verv som tillitsvald for Naturviterne, og dette medfører noko bruk av arbeidstid. Som følgje av coronasituasjonen har ein spart reiser til tillitsmannsmøte på Lillehammer.

2.3 Naturoppsynet

Naturoppsynet skal følgje opp miljølovgevinga og vedtak fatta av Nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar. Gjennom bestillingsdialogen kan forvaltninga konkretisere særskilde oppdrag.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem er tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som hovudområde. Kontorstad Vang og Utladalen (feltkontor). SNO Jotunheimen og Utladalen har eit omfattande tenestekjøp, som omfattar både oppsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. I 2020 er det kjøpt oppsynstenester frå fjellstyra i Lom, Vågå, Luster, Årdal og Vestre Slidre.

2.4 Andre sentrale myndigheiter

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdselslova. I fleire saker må brukarar innhente løyve både frå verneforskrifta og anna lovverk som plan- og bygningslova eller motorferdselslova. Kommunane har og eit overordna ansvar for arealforvaltninga, og god dialog er særleg viktig når det gjeld innfallsportane og randsonene til verneområda. Administrativt kontaktutval skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrative nivå for nasjonalparkforvaltninga og kommunane. Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering. Miljøvernavingane hos Fylkesmennene har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant. Fylkesmennene har klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

2.5 Brukarar – ferdselsteljing og brukarundersøkingar


I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende turisthyttene, med tilhøyrande stinett. Attraktive turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande. I tillegg til fjellvandrane er det grunneigarar, rettshavarar, bedrifter, lag og organisasjonar som brukar verneområda for næring, forskning/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT-hyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen og den private turisthytta

Memurubu er større bedrifter innan verneområdet. I tillegg kjem ei rekkje større og mindre bedrifter ved innfallsportane og i randsonen, og det er fleire aktivitetssfirma/bedrifter som driv breføring, klatring og turguiding. Sentrale brukarinteresser er beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlaga i Lom og Vågå, Storådalen beitelag, Russdalen beitelag, Besstrondfjellet beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innan verneområda. I Utladalen har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og grunneigarar ulike former for aktivitet og næringsverksemd.

Ferdselsteljing

Ferdselsteljar utplassert ved Veslløyfti på Besseggenruta viste 40270 passeringar i perioden 05 Juni 2020 til 06 Oktober 2020. Dette er ein nedgang på 25,5 % i høve til året før. Dette er same prosentvis nedgang som Gjendebåten, som har nedgang i passasjertal på 25,2 %. Gjendebåten køyrde med redusert kapasitet heile sesongen for å følgje smittevernreglane.

Trafikktal Besseggen/Gjende 2017-20



| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Ferdselsteljar Besseggenstien ved Veslløyfte | 54304 | 56599 | 54084 | 40270 |
| Gjendebåten, samla passasjertal | 63228 | 67851 | 62909 | 47313 |

Besseggen hadde 52.000 i 2007 og 47.000 i 2008. Men då stod teljaren nærare Gjendesheim, slik at den også registrerte alle som gjekk dei mange småturane oppover lia i nærområdet til turisthytta. Nå er teljaren plassert høgt oppe, slik at den stort sett registrerer berre Besseggenvandrarane. Tala frå 2007-2008 er såleis ikkje direkte samanliknbare med tala frå siste fireårsperioden.

Ferdselsteljingar og trafikktal ved turisthyttene viste i 2020 ein markant nedgang frå tidlegare år, som følgje av coronarestriksjonane.

Ferdselsteljar ved Knutshøe representerte eit unntak, og viste ein markant auke frå førre teljing. Det vart registrert **11.392** passeringar i perioden 5. juni til 6. oktober 2020, mot **9.504**

passeringar i perioden 31. mai til 9. oktober 2019. Dvs. ein auke på nær 2000 passeringar. I 2015 og 2016 vart det registrert mellom seks og sju tusen passeringar (6554 i 2016). Sterk marknadsføring av turen i sosiale media og store presseoppslag både i 2017 og 2018 gjorde at ein tok opp att teljingane i 2019, og den massive marknadsføringa bidrar truleg til trafikkauken.

I Visdalen var det registrert 28 121 passeringar i perioden 05.06 – 05.10.20; ein liten nedgang frå 2018, da det var 31 850. Dette kan skuldast mindre trafikk som følgje av coronasituasjonen.

Ved Hjelle i Utladalen var det registrert heile 58 456 passeringar i perioden 08.04 – 19.11.2020. Her har det ikkje vore nokon godt fungerande teljar tidlegare. Men naturoppsynet meiner det har vore ein stor auke i tal besøkande i Utladalen. Tala viser at det har vore ein konsentrert ferdsel i fellesferien. Truleg har ein veldig annleis turistsesong gjort utslag i Utladalen. Tidlegare har ein rekna med at 25 000 har vore på tur inn og ut dalen til fots årleg (50 000 totalt).

Teljaren i Helgedalen stod ute i perioden 04.07 – 05.10.2020 langs ruta til Fanaråken, og viste 8 677 passeringar. Ein del som går her, tek turen vidare og passerer ikkje punktet på returen. I 2020 var motbakkeløpet Fannaråken Opp avlyst. Til samanlikning var det 7250 som passerte teljaren i Helgedalen i tidsrommet 29.juni-1. oktober i 2007. (Den dagen Fannaråkløpet vart arrangert, den 11.08.07, var det i alt 1232 passerande). I 2008 var det 8500 passerande i tidsrommet 12.juni-1. oktober. (Den dagen Fannaråkløpet vart arrangert, den 09.08.08, vart det i alt 1107 som passerte ferdselsteljaren).

Vanlegvis er det mange utlendingar som ferdast i Jotunheimen. Trass situasjonen med Covid19 har ferdselen vore stor i Jotunheimen i 2020. Det viser at veldig mange nordmenn har vore på tur. Med redusert kapasitet på turisthyttene og forventning om høg trafikk og fleire som ville velja telt, fekk vi saman med Norsk Fjellsenter laga ein kampanje om sporlaus ferdsel.



Brukarundersøkingar

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både i 1992, 2002, 2010 og 2019. Desse undersøkingane viser utviklinga over tid og synleggjer behov for tilpassingar. Brukarundersøkinga i 2019 vart koordinert med undersøking for Besseggen som mogleg *Nasjonal turiststi*. Analyser/rapportar kom i 2020. Trafikken har endra seg mykje i løpet av dei siste åra, og brukarundersøkingane gjev verdfull informasjon til bruk i forvaltninga.

| | | | | | | | | |
|---|-------------|--------------|-------------|-------------|--------------|-----------|----------------|----------------|
| Klagebehandling (styret) | 1 | | 0 | | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Anna, t.d. drone, rydding, plantesamling. Frå 2017 hovudsakleg dronesaker (Styret/AU/Adm.) | 4 | 1 | 3 ** | 1/ 7/ 1 | 7/7/4 | 4/0/16 | 4/1/10 | 4/0/7 |
| Verdiskaping, kommersiell logo | | | | | | | | 2 |
| Sum | 57 | 56 | 62 | 74 | 75 | 84 | 40/4/38 | 44/2/25 |
| | <i>stk.</i> | <i>stk.*</i> | <i>stk.</i> | <i>stk.</i> | <i>stk.*</i> | | | 45/5/29 |

* 1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt ** Pilot innfallsport
 *** Arrangement kombinert med motorferdsel eller dronebruk

3.2 Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det komande året i verneområda (bestillingsdialogen). Jotunheimen fekk mykje midlar til etablering av pilot innfallsport ved Sognefjellshytta i perioden 2016-18, og fekk i 2019 berre ein beskjeden pott til tiltak. I 2020 var ein attende på normalt nivå, med rundt ein million kroner til tiltak. Skjøtsel i regi av SNO har vore vidareført på nivå med tidlegare år.

| Tiltaksmidlar for 2020 (bestillingsdialogen) | Tildeling/ budsjet | Sum utgifter | Avvik | Gjennomføring, merknader |
|---|--------------------|------------------|--|--|
| Skjøtsel | 615 000 | | | Tildelt SNO |
| Slått på Skåri, Avdalen og Vetti | | 240 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite heimre Utladalen | | 160 000 * | | Utført, SNO |
| Styving/rising av alm og lind, Utladalen | | 90 000 * | | Utført, SNO |
| Skjøtsel/krattrydding Guridalen | | 30 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet | | 60 000 * | | Utført, SNO |
| Styrt beite ved Gjendebu (geit) | | 20 000 * | | |
| | | 15 000 * | | Utført, SNO |
| | | | | |
| Stiarbeid | Budsjet | Rekneskap | | |
| Vedlikehald og reparasjon utført - Galdhøpiggstien frå Visdalen. - Stireparasjonar ved Gjende - Bru Blåtjønnåe | 500 000** | 392 773 | Omdisp. av ledige midlar Besseggenstien til andre tiltak | Ingen sherpaer i 2020. Andre stiltak og reparasjonar er utført |
| Informasjon/ tilrettelegging | | | | |
| Utsiktsplattform Vettisfossen, Mulighetsstudie / Forprosjekt | 200.000 | 333 403 | Ledige midlar sett av til utsikts-plattform | Eige prosjekt leia av Utladalen Naturhus etablert, for spleiselag med fleire aktørar. Mulighetsstudie utført av Dronninga landskap AS. |

| | | | | |
|--|------------------|------------------|--|---|
| Informasjonstavler nytt design - Utladalen/Hjelle | 220.000 | 202 910 | Litt terreng- arbeid står att | Nye tavler og opplysningskilt |
| Informasjonstavler nytt design - Glitterheim, Spiterstulen og Leirvassbu | 30.000 | 46 020 | Trykk tavler Spiterstulen Leirvassbu gjenstår | Nye tavler Veodalen, design av nye tavler Spiterstulen og Leirvassbu. |
| Informasjonstavler nytt design - Eidsbugarden | 40.000 | 19 570 | | Utsifting øydelagt tavle ved Bygdin |
| Diverse utgifter, drift | 10.000 | 5 329 | | |
| Totalt rekneskap tiltaksmidler, inkl. midlar forvalta av lokalt SNO | 1.615.000 | 1.615.005 | | |

* Utgifter skjøtselstiltak er skjematisk fordelt på deltiltak i tråd med fordeling i sak 9/2020.

** Planlagde stiltak med bruk av sherpaer ikkje gjennomført pga. innreiserestriksjonar som følgje av corona-situasjonen. Ledige midlar omdisponert til andre tiltak

| Drift og planarbeid, Ny nettside | | Budsjett | Rekneskap |
|------------------------------------|---|----------------|----------------|
| Styret og utvala | Møteutgifter Rådgevande utval, Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret, | 350.000 | 303 915 |
| Planarbeid | Tenestekjøp (Forvaltningsplan, skjøtselsplan, brukarundersøking) | 200.000 | 195 000 |
| Ny nettside, publikumssider | Nye publikumssider publisert på norsk til fellesferien. Engelsk og tysk versjon ferdig på hausten. Samarbeid med Trollbinde | 50.000 | 51 260 |

3.3 Ulovlege tiltak - oppfølging

Sak frå 2018 med krav om tiltak for opprydding er under oppfølging i 2019-2020.

Ulovleg fangst av apollosommarfugl oppdaga ved Gjendebu i 2019 har resultert i større etterforskning, og saka enda med bøtelegging i 2020. Anmeldt droneflyging i Hurrungane resulterte i bøtelegging.



3.4 Andre utval

Fagleg rådgevande utval var samla på Klingenberg Hotell i Årdal 7.-8. september. Møtet vart avvikla 7. september, og avslutta med synfaring i Utladalen. Administrativt kontaktutval og SNO deltok også i møtet. Medrekna styret og forvaltarane var det i alt 31 deltakarar første dag. Nasjonalparkstyret hadde møte 8. september.

Biletet til høgre er frå utstillinga ved Naturhuset, der dagleg leiar orienterer om aktiviteten.



4 Aktivitet

4.1 Informasjon, fagsamlingar, møte og synfaringar

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen vara frå 2009 t.o.m. 2014. I 2015 var det ei innstramming i økonomien til verneområda, og ein fekk ingen ressursar til engasjement av naturrettleiar. Det er sterkt ønskjeleg med ei fast stilling til den mest brukte nasjonalparken i landet, for å sikre fagleg kontinuitet og betre tilbod både for tilreisande og for lokalsamfunna. Enkelte verneområde har framleis naturrettleiar, og det bør arbeidast for å få ein fast ressurs for dette også for Jotunheimen. Informasjonssenteret Norsk fjellsenter har faste årlege opplegg for grunnskulane i Ottadalen, og har i tillegg besøk av mange tilreisande skuleklasser og studentar.

Både SNO og nasjonalparkforvaltarane blir jamleg spurt om å informere på ulike arrangement, møte, seminar og i felt. Vi får også mange førespurnader frå studentar om intervju/informasjon knytt til bachelor- eller masterstudium. Mange (hovudsakleg utanlandske studentar) ønskjer også tilbod om praksisplass/hospitering, men dette har vi ikkje kapasitet til å følgje opp. Det er lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Vi har også ein del besøk frå andre verneområde – både norske og utanlandske.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og fagnettverk 2020

I tillegg kjem deltaking på diverse nettbaserte fag-webinar

| Dato | Kurs, konferansar, studieturar - Tema | Johannes Skahjem / Eldrid Nedrelo | Kari Sveen | Deltakarar |
|----------------|---|-----------------------------------|------------|---|
| 11. mars | Jaktfalk i Hedmark og Oppland 2020 | | KSV | Kistefos v/ Geir Høitomt, oppsyn, forvaltarar, FM-Innlandet |
| 31. mars | Nasjonalparkforvaltarane i Innlandet - Nettmøte som erstatning for planlagt samling på Otta | | KSV | Forvaltarane i Innlandet |
| 09. april | Team møte Nasjonalparkforvaltarar. Skype | | KSV | Forvaltarane i Innlandet |
| 3. juni | Samling med SNO/oppsyn Jotunheimen. Fjordstova, Skjolden | ENE | KSV | Rigmor Solem, fjelloppsyn frå kommunar rundt Jotunheimen |
| 4.-5. juli | Synfaring Helgedalen – Hjertvatnet -Skogadalsbøen – Vettismorki - Vetti | ENE | KSV | SNO |
| 19.-20. august | Avdelingssamling, Miljøavdelinga Fylkesmannen i Vestland | ENE | | Nasjonalparkforvaltarane i Vestland, Miljøavdelinga Fylkesmannen i Vestland |

| | | | | |
|-----------------|--|-----|-----|---|
| 07.-08. sept. | Fagleg rådgjevande utval Årdal, med synfaring Utladalen | ENE | KSV | Fagleg rådgjevande utval, Adm. kontaktutval |
| 23.sept. | Klimaomstillingskonferansen 2020 | ENE | | Nasjonalparkforvaltarar i Vestland, representantar frå Fylkesmannen i Vestland. |
| 21. okt. | Fagseminar NP-forvaltarane i Vestland. Tema istandsetting av bygningar i Verneområde | ENE | | Kulturminneavdelinga Vestland fylkeskommune, Nasjonalparkforvaltarane i Vestland. |
| 22. okt. | FM fagsamling, Kartlegging av naturtypar, Naturtypar i arealforvaltinga | ENE | | Miljødirektoratet, representantar frå Fylkesmannen |
| 28. okt. | FM fagsamling, Trua artar og naturtypar | ENE | | Miljødirektoratet, representantar frå Fylkesmannen |
| 28.-29. oktober | Fagsamling NP-forvaltarane i Innlandet. Fagtema 28.okt. <i>Besøksforvaltning 2.0</i> | | KSV | Nasjonalparkforvaltarane i Innlandet, representantar frå Fylkesmannen i Innlandet |
| 29. okt. | Miljøfagkonferanse del 1 | ENE | | Miljødirektoratet, representantar frå Fylkesmannen, forvaltarar |
| 12. nov. | Kurs i offentlege anskaffingar | ENE | | Forvaltarane i Vestland, representantar frå Fylkesmannen i Vestland, Asplan Viak |
| 18. nov. | Teams-møte - Regional faggruppe utmark Nord-Gudbrandsdalen. | | KSV | Forvaltarar, kommunale saksbehandlarar og fjelloppsyn N-Gudbr.dal |
| 8. des. | Kurs i NatStat/NatReg | ENE | | Forvaltarar i Vestland, Miljødirektoratet v/SNO |
| 17. des. | Synfaring Informasjonspunkt Nigardsbreen | ENE | | Forvaltarar og SNO Gaupnekontoret, Breheimsenteret i Jostedalen |

Informasjonsoppdrag, foredrag, representasjon og arrangement

| Dato | Tema | Repr. |
|-------------|--|-------------------|
| 2. juli | Representasjon – Nasjonale Turistveger – <i>Flye 1389</i> | KSV |
| 16. sept. | Informasjon om nasjonalparkforvaltninga og SNO – Studentgruppa naturbasert reiseliv frå UMB på studietur til m.a. Gjendeområdet | KSV, Rigmor Solem |
| 16. oktober | Presentasjon av Jotunheimen og nasjonalparkforvaltninga ved besøk frå Sølen verneområde – Norsk Fjellsenter | KSV |
| 28. oktober | Fagsamling besøksforvaltning for forvaltarane i Innlandet - <i>Strategiske grep i Jotunheimen siste 30 år. Hvordan møte framtida? v. nasjonalparkforvalter Kari Sveen og Rigmor Solem, SNO</i> | KSV |
| 19. okt. | Møte i Vågå ang. Besseggen som Nasjonal Turiststi – Innlegg: <i>Bruk og brukarar i Jotunheimen frå 1992-2019</i> , presentasjon av brukarrapport | KSV |

Møte og synfaringar med eksterne partar

(utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte forvaltarane og lokalt SNO)

| Dato | Tema | | Andre |
|---------------------------------|---|-------------|--|
| 17.jan | Arbeidsmøte - Lom og Bøverdalen RKH - Øvingsplan - gjennomgang | KSV | Lom fjelloppsyn, forvaltar Reinheimen |
| 21.jan/ 21.feb | Møte referansegruppe friluftslinje i Lom | KSV | Repr. frå skulen, kommunane og fylkeskommunen |
| 4. februar | Nasjonal turistveg Valdresflye og Jotunheimen Nasjonalpark. Møte Ringebu | KSV | Nasjonale Turistveger, Valdresflye, Norsk fjellsenter |
| Perioden mars- desember | Diverse arbeidsmøte for utvikling av ny nettside www.jotunheimen.info og nye informasjonstavler | ENE, KSV | Trollbinde v/ Mari K. Kleiven, Johannes Skahjem (i startfasen for nettsida) |
| 9. juni | Synfaring Hjelle – Vetti | ENE | Utladalen Naturhus |
| 19.juni | Utsiktspunkt ved Vettisfossen | ENE, KSV | Årdal kommune, Årdal Utvikling, Utladalen Naturhus, grunneigar, SNO |
| 25. juni. | Besseggen som Nasjonal Turiststi Informasjonsmøte Vågå | KSV | Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Norsk fjellsenter, AMK, politi /redningsteneste, Vågå fjellstyre, næringsdrivande |
| Div arbeidsmøte, planlegging | Besseggen som Nasjonal Turiststi – Besøksstrategi – møte i Styringsgruppe og referansegruppe | KSV | |
| 4.-5. juli | Synfaring Helgedalen – Hjertvatnet - Skogadalsbøen – Vettismorki - Vetti | ENE, KSV | SNO |
| 11.august | Synfaring Memurubu kraftverk - detaljplan | KSV | Memurubu turisthytte, Kleppconsult, |
| 20. august | Synfaring mikrokraftverk (studietur). lungdalshytta | KSV | Kleppconsult, DNT Oslo og omegn v/ bygningsansvarleg og hyttevert |
| 28. august | Synfaring gjetarbu ved Gjendetunga | KSV | Vågå tamrein v/ overgjetar, Lom fjellstyre, Statskog |
| 2. sept. | Synfaring rekkverk og behov for terrengtiltak Utkikkspunkt Sognefjellet, Infotavler Leirvassbu | KSV | Sognefjellshytta v/ leiinga, Leirvassbu v Grindvoll |
| 8. sept. | Møte om Vettisvegen mm. Årdal kommunehus | ENE, KSV | Årdal kommune, styreleiar nasjonalparkstyret |
| 15. sept. | Synfaring Besseggen, med fokus på forsøpling generelt og snusforsøpling spesielt | KSV | Rigmor Solem, Swedish Match Norge |
| 29. sept. | Rundebord om nasjonal reiselivsstrategi. Teams | KSV | Innovasjon Norge, andre forvaltarar og repr. frå FM-Innlandet som jobbar med besøksforvaltning |
| 1. oktober | Digitalt møte. Forvaltingsplan på nett | ENE, KSV | Miljødirektoratet |
| 2. oktober | Synfaring p-plass Hjelle i Utladalen | ENE | Årdal kommune, Utladalen Naturhus |
| 12. oktober | Digitalt møte. Organisering arbeid Utsiktspunkt Vettisfossen | ENE, KSV | Utladalen Naturhus |

| | | | |
|----------|--|----------|---|
| 14. okt. | Synfaring Russsdalen, bru Blåtjønnåe | KSV | DNT-OO, Russsdalen beitelag, Stokk & Stein |
| 19. okt. | Besseggen som Nasjonal Turiststi - Evaluering Besseggenpatrulja – Vidare arbeid med besøksstrategi Vågå kommunehus | KSV | Vågå kommune, Oppland fylkeskommune, Vågå fjellstyre, næringsdrivande, Norsk fjellsenter, AMK, politi /redningsteneste, Nasjonalparkriket |
| 23. okt. | Synfaring utsiktspunkt Vettisfossen Utladalen - Vettismorki | ENE, KSV | Dronninga Landskap AS, DIFK Kosche AS, Utladalen Naturhus, grunneigar, SNO |
| 9. nov. | Arbeidsmøte med NVE ang detaljplan Memurubu kraftverk | KSV | NVE, Lom kommune |
| 16. nov. | Diskusjonsmøte DNT Oslo og Omegn ang. fossilfri energiforsyning ved turisthyttene. Teams | KSV | DNT-OO, Kleppconsult, forvaltarane i Dovre-Rondane |
| 16. nov. | Synfaring – Oppføring av informasjonsskilt Utladalen | ENE | Utladalen Naturhus, Stryvo |
| 18. nov. | Arbeidsmøte - plan for formidling ved Gjendesheim og uteområde Teams | | Norsk fjellsenter, DNT-OO, Gjendesheim Turisthytte, fylkeskommunen, konsulentar |
| 25. nov. | Vettisfossen utsiktspunkt: presentasjon av foreløpige skisser og tankar | ENE KSV | Dronninga Landskap, DIFK Kosche AS, Utladalen Naturhus, grunneigar, SNO |
| 30. nov. | Digitalt møte. Behov for NiN-kartlegging og Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernområde | KSV, ENE | Miljødirektoratet |
| 1. des. | Workshop I besøksstrategi Besseggen. Teams | KSV | Nasjonalparkhagen v/ A. Meland, Prosjektgruppe Besseggen |
| 8. des. | Digitalt møte med KLD angående langvarig prosess i forskriftsendring om bruk av el-sykkel, Koldedalsvegen og informasjon / besøksforvaltning | ENE, KSV | Styreleiar Leif Solemsli, Hilmar Høl, Ordførar Vang kommune, statssekretær Maren Hersleth Holsen, seniorrådgjevar Feiring - KLD. |
| 10. des. | Dialogmøte DNT Oslo og Omegn. Teams | ENE, KSV | SNO v/ Rigmor Solem, DNT Oslo og Omegn (Reiten, Havik, Stenseng, With, Stoll,) |
| 11. des. | Styringsgruppemøte bærekraftig reiseliv – Nasjonalparkriket. Teams | KSV | Nasjonalparkriket, Styringsgruppa |
| 16. des. | Vettisfossen utsiktspunkt: Presentasjon muligheitsstudie | ENE, KSV | Dronninga landskap, DIFK Kosche AS, Prosjektgruppa for Utsiktspunkt Vettisfossen |

4.2 Skjøtsel og vedlikehold

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehold av tidlegare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Arbeidet blir administrert av lokalt SNO, og ein del av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar. Supplement med droneskilt på innfartsårer der ein registrerer behov er utført. Det kom ingen sherpaer i 2020, som følgje av coronarestriksjonar. Planlagt tiltak ved foten av Besseggen utsett. Lom fjellstyre har utført planlagt stiltak på Galdhøpiggstien frå Visdalen. Utladalen Naturhus har rydda nedre stigen mot Vettisfossen. Vågå fjellstyre og innleigd hjelp har utført reparasjonar på stien langs Gjendeområdet. Boltar og kjetting ved Bukkelægeret er skifta ut av autorisert firma på sikring, i samarbeid med fjelloppsynet i Lom.

4.2.1 Jotunheimen Vest / Utladalen:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen, på oppdrag frå SNO og forvaltninga. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtelsplan. Dette omfattar slått av enger og beitepuss, slått kring alle tun, hogst og krattrydding. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau, og det var styrt beite med hest for å redusere behovet for slått. Spesielle skjøtselstiltak med styving/rising av alm, selje og lind er vidareført.

I 2020 er det sett av midlar til revisjon av Skjøtelsplan for Utladalen landskapsvernområde. Det skal formulerast forslag til bevaringsmål og forslag til oppfølging med tiltak og overvaking for dei aktuelle naturtypelokalitetane i tråd med fagsystem for verneområdeforvaltning, NatStat. Vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger vil fullføre arbeidet i 2021.

4.2.2 Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebu-området baserer seg på skjøtelsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011. Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår slått av seterkvea for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Slått blir utført saman med Storådalen beitelag annakvart år. Skjøtsel med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009, og er vidareført i 2020. Fjelloppsynet i Lom har i 2020 rydda i bjørkeskogen ovafor vegen mellom brygga og turisthytta. Det som er nyttbart som ved er teke vare på for bruk i området.



Rydding av småskog og kratt ved Gjendebru i 2020. Foto: Eilev Hellekveen.

4.3 Arrangement i verneområda

- 17. mai på Galdhøpiggen har vorte eit årvisst arrangement, utan motoriserte hjelpemiddel eller andre tiltak som krev dispensasjon.
- Nasjonalparkfestivalen «Under Storen», Utladalen 18.-20. juni 2020
Redusert omfang i 2020 som følgje av coronasituasjonen
- Bessegløpet vart arrangert den 20. juni 2020, med i alt 142 deltakarar. Av desse var 130 i konkurranseklassa og 12 i mosjonsklassa.
- Motbakkeløpet "Fanaráken Opp" vart avlyst i 2020 pga coronasituasjonen
- Planlagt arrangement, Ultraløpet *Jotunheimen Ultimate Challenge* vart utsett til 2021.

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med det gjennomførte arrangementet.

4.4 Randsonearrangement

Randsonearrangement med lange tradisjonar vart endra som følgje av coronasituasjonen.

- High Camp, Turtagrø. Årleg arrangement med vårskiløping, som også går inn i nasjonalparken.
Fri Flyt arrangerte i 2020 *Virtuell High Camp*, med foredrag og quiz. Grunna smitteverntiltak er det lagt opp til ein nedskalert festival med sterkt avgrensa deltakartal i 2021.
- Vinjerock ved Eidsbugarden/Fondsbu vart avlyst.
- Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september vart avlyst

4.5 Vidare arbeid

4.5.1 Revisjon av forvaltningsplanen

Det var ein omfattande prosess med revisjon av den gamle planen frå 1998 i perioden 2004 – 2008. Forvaltningsplanutkast med tilråding frå daverande direktorat i 2008 har vorte brukt som rettleiande dokument. I samråd med Miljødirektoratet kom ein fram til at revisjonsarbeidet måtte starte på nytt pga. dei mange endringane som kom til i prosessen da KLD sluttførte dei nye verneforskriftene, som vart vedtekne 14.11.14.

Melding om ny oppstart av revisjon, i medhald av nye verneforskrifter og nye føringar i overordna nasjonal politikk og naturmangfaldlova, vart sendt ut ved brev av 02.09.2015. Det vart halde opne møte i kvar kommune i oktober 2015, og forvaltningsplanen har vore diskusjonstema på møte i fagleg rådgjevande utval både i 2015, 2016 og 2017. Det var sett ein ambisiøs framdriftsplan med tanke på slutføring i 2017, men som følgje av andre oppgåver er tidsplanen justert. I 2018 kom ein fram til at omlegging til digitalisert forvaltningsplan ville vera meir framtidsretta, og Magnus Snøtun starta omlegging til ny versjon. Da han slutta og stillinga vart sett i vakanse i over eitt år, måtte arbeidet leggjast på is. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og gjeldande føringar får topp prioritet i 2021/2022.

4.5.2 Besøksstrategi

Jotunheimen og Utladalen vedtok den første besøksstrategien i 2012. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret, og vil vera ein del av forvaltningsplanarbeidet. Besøksstrategien vil bli oppdatert i tråd med ny mal, og vil bli samordna med eigen besøksstrategi for Besseggen som Nasjonal Turiststi.

4.5.3 Kartleggingsarbeid

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda). Frå og med 2021 skal nasjonalparkstyret setje konkrete bevaringsmål for ønska naturtilstand innan nasjonalparken og landskapsvernområdet. Utfyllande kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

Rapport med sårbarheitsvurdering for rovfugl i Aust-Jotunheimen kom i 2015, og er supplert med tilsvarende dokument for Vest-Jotunheimen ved feltarbeid i 2018 og 2019.

Bestandssituasjonen for jaktfalk vil bli fylgd opp vidare med registrering av utviklinga over tid. Dette er eit større samla prosjekt for Innlandet, men der også areala i Vest-Jotunheimen og Utladalen vil vera inkludert.

Det vart i 2016 utført arbeid med samanstilling av eksisterande kunnskap om villreinen i Vest-Jotunheimen, og supplement til grunnrapporten kom i 2017.

Fagnotat om sykling i verneområda er utarbeidd av Ingvild Øyjordet i 2016.

I 2021 er det bestilt ei enkel kartlegging av status i området Knutshøe/Øvre Leirungsdalen. Kartlegginga skal ha fokus på fugleliv og vegetasjonsslitasje langs dei mykje nytta stigane i området.

4.5.4 Implementering av merkevaren *Norges Nasjonalparker*

Dette er ein del av merkevarebygging til Miljødirektoratet, der Jotunheimen var ein av fire pilotar. Pilot utkikkspunkt Sognefjellet ved Sognefjellshytta viser den mest omfattande forma for innfallsport, medan andre sentrale startpunkt får nye informasjonstavler i tur og orden.

Status for innfallsportane i høve til ny merkevare:

| | |
|---|--|
| 2018 | Utkikkspunkt Sognefjellet opna 20. august 2018. Nye tavler i cortenstål langs Fv. 55 ved Krossbu og Turtagrø. Nye skilt på eksisterande tavler ved Juvvasshytta, Memurubu og Gjendebu. |
| 2019 | Nye infopunkt ved Gjende og Reinsvangen i samarbeid med Nasjonale Turistveger |
| 2020 | Skilt med nytt design på felles infopunkt med Vang kommune ved Bygdin |
| Påbegynt 2019/2020, ferdigstilling 2021 | Nye skilt på eksisterande stativ ved nasjonalparkrensa mot Glitterheim, nye opplysningsskilt i cortenstål ved bommen Nye tavler og opplysningsskilt i cortenstål ved parkeringa og innkøyringa til Utladalen. Design av nye skilt ved Leirvassbu og Spiterstulen er ferdig, og trykk og montering på eksisterande stativ blir utført i 2021 |



Nye opplysningsskilt har erstatta dei gamle portstolpane ved nasjonalparkrensa i Veodalen

4.5.5 Verdiskaping

Nasjonalparkstyret vedtok i møte november å innføre lokale retningslinjer for bruk av tilhørlogo for Jotunheimen som kommersielt merke. Aktørar som oppfyller dei sentrale krava, og som er lokalisert i ein av dei 5 kommunane for nasjonalparken kan søkje om tildeling av merket. Aktivitetsbedrifta Gjendeguiden i Vågå vart første bedrift som søkte og fekk tildelt merket.

SKJER I:



HAPPENING IN:

Jotunheimen
nasjonalpark

5 Vedlegg – artikkel publisert på nettsida

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde feirar 40 år!

Av Eldrid Nedrelo og Kari Sveen - Nasjonalparkforvaltarar for Jotunheimen og Utladalen

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta den 5. desember 1980. I desse områda finn du nokon av dei høgste, villaste og vakraste fjella i Noreg, verdifulle planter og dyr, eit mangfald kulturminne, særprega kulturlandskap og den djupaste dalen i Nord-Europa. Arbeidet med å verne Jotunheimen er ei av dei eldste og mest sentrale sakene i naturvernhistoria i Noreg, og det tok nesten 80 år frå spørsmålet om ein nasjonalpark kom opp fyrste gong til vernevedtaket kom i 1980. 40 år etter kan vi feire at vi kan tilby verdifulle naturopplevingar i dette heilt unike området til våre etterkomarar!



Festleg stemning under Galdhøpiggen på ein tidlegare 17. mai. Foto: Kari Sveen.

Dei høgste fjella i Noreg ligg i Jotunheimen. Galdhøpiggen når opp i 2469 moh, medan Glittertind, med si iskappe på toppen, berre er nokre meter lågare. Dei villaste og kvassaste tindane i Jotunheimen finn vi i Hurrungane, med Store Skagastølstind 2403 moh. som "Konge" og det tredje høgste fjellet i Noreg.

Namnet på dette mektige området

Jotunheimen vart til lenge før nasjonalparken og landskapsvernområdet vart etablert i 1980. «Jøtunheimen» døypte Aasmund Olavsson Vinje fjella her i 1862, inspirert av det ville landskapet og norrøn mytologi. I segn og folkeeventyr ser vi korleis den ville og storslåtte naturen i Jotunheimen har virka både lokkande og skremmande. Jotnane – trolla – har heimen sin her. Jøtunheimen vart seinare til Jotunheimen, namnet vi brukar i dag på dette mektige området, med dei høgaste fjella i Nord-Europa, den mest kjende nasjonalparken i Noreg.



Frå Lauvnostind mot Midtre Ringstind og Midtmaradalstindane i Hurrungane. Foto: Eldrid Nedrelo

Kvifor vern?

Nasjonalparken vart oppretta nettopp for å ta vare på eit vilt, eigenarta, vakkert fjellandskap med sitt dyre- og planteliv. I Kongeleg resolusjon for Jotunheimen frå 1980 står det at «*Jotunheimen nasjonalpark vil bli ein typisk fjellnasjonalpark. Ved avgrensinga av parken har vi søkt å få med dei vakraste, villaste og mest karakteristiske fjellområde, tindar, brear og vassdrag, og som er mest mogleg urørt av menneskeleg innverknad.*» I tillegg var både dyre- og plantelivet ein viktig del av verneformålet saman med geologiske førekomstar, dei særprega innsjøane med smaragdgrøne fargar, men også kulturminne slik som steinbuer, hustuffer, dyregraver og vardar osb. var viktige.



Mogop er blant dei tidlegaste vårblomane i Jotunheimen. Foto: Kari Sveen.

Fotturismen i Jotunheimen tok til allereie på slutten av 1800-talet, og saman med Utladalen har nasjonalparken vore eit svært viktig område for fjellvandring og friluftslivet i Norge.

I tillegg til fjella i Vest-Jotunheimen var det naturleg å ta med Utladalen, sidan dette området delvis ligg omringa av fjella og blir rekna som ein del av Vest-Jotunheimen. Utladalen er oasen mellom tindane, prega av det tronge gjelet og ei rekkje U-forma hengjedalar, som alle munnar ut i hovuddalen høgt opp i liene. Elva Utle kjem frå breane i Jotunheimen. Nedover dalen tek Utle imot fossefall frå hengjedalane på vest- og austsida. Størst, og mektigast er Vettisfossen, med sitt fall på 275 meter. Fossen har det høgste uregulerte fossefallet i Nord-Europa og vart freda allereie i 1924. Den urskogsprega furuskogen på Vettismorki er særleg verdifull, og er omtala som den «gildaste» fjellfuruskogen i landet. Eit rikt kulturlandskap med spor etter tidlegare gards- og stølsdrift pregar nedre del av Utladalen.



Utsyn mot Midtmaradalen, ein U-forma hengjedal som munnar ut i Utladalen. Foto: Rigmor Solem.

Jotunheimen er også eit viktig leveområde for både villrein og tamrein. I tidlegare tider streifa det ein talrik villreinstamme rundt i Jotunheimen, og mange funn av dyregraver og andre fangstminne dokumenterer forhistoria. Det var truleg rein som trekte forfedrane våre hit. I dag held villreinen i Jotunheimen til i Vest-Jotunheimen, medan tamreinlaga i Vågå og Lom drifrar store tamreinflokkar aust i Jotunheimen.

Viktig område for friluftsliv – «Oppdaginga» av Jotunheimen

I dag er det om lag 300 km med T-merkte fotturruter i Jotunheimen og Utladalen, med høve til både korte og lange fotturar. Om vinteren er det kvista skiløyper fleire stader. Mange av fjelltoppane er ynda turmål, men nokre av dei krev klatring for å nå til topps. Den mest trafikkerte ruta, Besseggen, var den første stien som vart merke som turistrute, og den er i dag blant dei 15 stiane som kan bli autorisert som *Nasjonal turiststi*.

Folk i bygdene rundt Jotunheimen brukte fjellet til jakt og seterdrift. Det var to studentar frå Christiania, Baltazar Mathias Keilhau og Christian Boeck, baa utan tidlegare fjellerfaring, som sette Jotunheimen på kartet då dei var dei fyrste som besteig Falketind i 1820.

Frå seter til turistbedrift i fjellet

Etter kvart som interessa for friluftsliv auka på 1800-talet, utvikla fleire setrer i Jotunheimen seg til turistbedrifter, slik som t.d. Gjendebu. I samband med føring av turistar vart det bygd sikringsbuer både på Galdhøpiggen og på Glittertinden. Dei er baa borte no, men på Surtningsstue står framleis den gamle steinbua frå 1899 (restaurert i 2008).




Gjendebu. Foto: Digitalt arkiv.

I utkanten og inne i nasjonalparken er det ei rekkje betente og ubetente turisthytter i dag. Sjølv om ferdsla til tider er stor, kan ein endå oppleva fridomen, mystikken, roa og stilla i naturen. Her er også urørte soner utan merka ruter der du sjølv må finne vegen!

Kven tek vare på naturperlene?

I starten var det Direktoratet for Statens Skoger og fylkesskogkontoret som hadde ansvaret for forvaltning av verneområda. Sidan vart forvaltingsmyndigheita overført til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland, fram til 2011. Jotunheimen hadde ei særleg ordning med kommunale tilsynsutval, noko som sikra god dialog med kvar av dei 5 kommunane med areal innan verneområda. Dei møttest samla kvart år for å gi innspel til forvaltninga. I 2011 vart forvaltingsmyndigheita overført til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og det vart etablert eit Rådgevinge Utval med representantar for brukarinteressene i områda. Medlemmane i nasjonalparkstyret er lokale og regionale politikarar frå kommunane Lom, Vågå, Vang, Luster og Årdal, og Innlandet og Vestland fylkeskommunar. Slik sikrar ein lokal medverknad i forvaltninga av verneområda i dag.

Den såkalla «Fjellteksten» som vart innarbeidd i revidert nasjonalbudsjett 2003, innebar eit politisk skifte i forvaltninga av dei norske nasjonalparkane. Den opna for større grad av lokal verdiskaping og kommersiell reiselivsverksemd i nasjonalparkane, og dette utvikla seg vidare gjennom lanseringa av den nye merkevaren for *Norges Nasjonalparker* i 2015. Midlar til tiltak i verneområda har utvikla seg til eit svært positivt verkemiddel i forvaltninga av verneområda. Slik har det vorte mogleg å legge til rette for lokal verdiskaping i Jotunheimen! Eitt av dei siste eksempla på dette er Utsiktspunktet på Sognefjellet - Eit flott tiltak som er vorte ein attraksjon i seg sjølv, og som gjer det mogleg sjølv for bilturisten å oppleve noko av det flottaste Jotunheimen har å by på. Utladalen framstår som eit utstillingsvindauga for kulturlandskap der gamle gardar og husmannsplassar er restaurert. Svært mykje arbeid er gjort på dugnad, men det hadde heller ikkje vore mogleg utan løyving av tiltaksmidlar.



Utsiktspunktet på Sognefjellet. Foto: Live Andrea Sulheim



Vetti Gard i Utladalen. Foto: Eldrid Nedrelo

Alle har høyrte om Besseggen og Galdhøpiggen, dei mest populære fotturane i Jotunheimen. Det er gode grunnar til å ta desse turane, men Jotunheimen kan by på så mykje meir! Her er over hundre toppar som ragar meir enn 2000 moh., men også frodige dalar eigna for rolege familieturar. Ta ein kikk på våre heimesider, www.Jotunheimen/info, så kanskje du finn eitt eller fleire turmål for neste sommar? På heimesida finn du også lenke til vår jubileumskonkurranse der du kan bli den heldige vinnaren av ein premie – bli med då vel!

Norges nasjonalparker

Tekst om nasjonalparken, naturreservatet eller landskapsvernområdet. besøkssenter, verneområde- eller nasjonalparkstyre eller landsby.

Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01
E-post: post@miljodir.no
Nett: www.miljodirektoratet.no
Post: Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010, Trondheim